

## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
01.10.2024                      24/7306- 20                      Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
22/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	09.10.2024

## Underfinansiering av ferjedrifta i fylka

**Vestlandsrådet - arbeidsutval 09.10.2024 - sak 22/24**

### Behandling

#### Vedtak:

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval vedtek at leiar i Vestlandsrådet ved høyringa knytta til Statsbudsjettet 2025 representerer dei 3 vestlandsfylka og der legg fram Vestlandsrådet sitt felles syn på underfinansieringa av ferjedrifta.

Leiar vil og kontakte sine kollegaer i Nordland, Troms og Trøndelag fylkeskommunar for å avklare eventuell støtte frå dei i denne saka. Eventuelle andre tilnærmingar mot sentrale myndigheiter tas i samråd med AU i tråd med delegeringa gjeve frå Vestlandsrådet.

#### Innstilling:

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval vedtek at leiar i Vestlandsrådet ved høyringa knytta til Statsbudsjettet 2025 representerer dei 3 vestlandsfylka og der legg fram Vestlandsrådet sitt felles syn på underfinansieringa av ferjedrifta.

Leiar vil og kontakte sin kollega i Nordland fylkeskommune for å avklare eventuell støtte frå dei i denne saka. Tilsvarende kontakt mot Trøndelag og Troms må vurderast.

Eventuelle andre tilnærmingar mot sentrale myndigheiter tas i samråd med AU i tråd med delegeringa gjeve frå Vestlandsrådet.

## **Bakgrunn**

Vedtaket i Vestlandsrådet 10.09.2024:

*Vestlandsrådet meiner det er ei oppgåve for rådet å arbeide for å forbetra den statlege finansieringa av ferjedrifta i fylka, og at rådet arbeider for at ein unngår slik underfinansiering i framtida.*

*Som del i dette arbeidet må administrasjonane i fylka på vegner av Vestlandsrådet, bidra til ein samla informasjonspakke som kan nyttast i det vidare arbeidet. Dette må ha høg prioritet og ei rask gjennomføring.*

*Vestlandsrådet sitt arbeidsutval får ansvar for oppfølging av det vidare arbeidet og korleis dette skal presenterast for dei sentrale myndigheiter.*

## **Vurdering**

Det primære møtepunkt mot sentrale myndigheiter i denne saka vil vere høyringa knytt til Statsbudsjettet 2025.

Her kan leiar for Vestlandsrådet tale på vegne av dei tre fylka samla, og gjerne og med einighet med og støtte frå fylka nord for oss - da spesielt Nordland fylke.

Hovudbuskapet bør vere knytt til presentasjonen for Vestlandsrådet i møte 10.09.2024, når saka vart fremma der. Denne er og vedlagt denne saka.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør

Vedlegg

2024\_08\_23\_Ferjefinansiering\_Innspel\_fr\_\_M\_re\_og\_Romsdal\_353892\_1\_A\_2361006